



Møtebok Fjordvegen Rute 13

Styremøte 26.10.2022, kl 11.00-15.00 Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus

Deltakarar: Gerd Helen Bø, Roald Aga Haug, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Marta Vange

Sekretariatet: Jostein Eitheim, Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Forfall: Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Ingvald Torblå, Vibeke Johnsen, Roy Egil Stadheim

Gjester på link:

Ellen Johnsen Haaberg, Statens vegvesen
Håkon Lohne, Nye Veier
Kristian Losnegård Karlsen, Asplan Viak/Nye Veier
Frode Lauareid, KS Advokatene

Agenda:

11.00 - 11.45	Orientering frå Nye Veier og Statens vegvesen
11.45 - 13.00	Sakshandsaming
13.00 - 13.45	Lunsj
13.45 - 15.00	Sakshandsaming

Orienteringar:

Ellen Johnsen Haaberg orienterte om status for pågåande og planlagde prosjekt for Statens vegvesen på strekkja Stavanger - Håra. Presentasjon frå Haaberg ligg vedlagt til møteboka.

Lohne og Karlsen frå Nye Veier/Asplan Viak orienterte om status fro førebuing og utlysing av prosjektet Djupevik - Kvitur på strekninga Odda - Tyssedal.

Orienteringane vart fulgt opp med dialog og spørsmål frå styret.

Sak 20/22 Ny skredfaktormodell - høyringsuttale frå Fjordvegen Rute 13

Hanne orienterte om nytt forslag til skredfaktormodell. Denne modellen skil seg mykje frå eksisterande modell og gjer store endringar i prioritet for skredpunkta langs Rv13. Dei fleste punkta vil med ny modell falla vesentleg på prioriteringslista mykje pga vektinga av dei fire nye kriteria som er føreslegne i ny modell. Dagens modell har (seks)sju kriteria. Styret meiner ny modell ikkje kan tilrådest og sender slik uttale til Statens vegvesen.

Vedtak

Styret i Fjordvegen Rute 13 sender slik uttale til Statens vegvesen:

1. Fjordvegen Rute 13 tilrår at dagens modell vert vidareført.
At dagens modell har tillit i rasutsette område, i fagetatar, hjå politiske beslutningstakarar og vegfarande er essensielt for at denne bør vidareførast.
Konsekvensar ved å ta i bruk ny modell allereie til ny NTP 2025-2036 er ikkje utgreidd.

2. Dersom modellen likevel må endrast tilrå Fjordvegen Rute 13 av den framlagde nye modellen vert justert på følgjande område:

Skredfrekvens (skredsannsynlegheit) må setjast som viktigaste delfaktor. Alle registrerte skred, også over 10 skred pr år, må reknast med.

Historiske data må kunne takast med. Det må visast kva fagleg grunnlag denne delfaktoren er basert på.

Trafikkmengde (Årsdøgntrafikk - ÅDT) er viktig, men mønster av tydelege sesongmessige variasjonar må kunne takast omsyn til i denne.

Delfaktor *omkøyning* bør vurderast på nytt. Faktor må kunne fanga opp avvik i kvalitet på omkøyingsveg som ikkje er reellt alternativ for godkjente køyretøy. Pga bortfall av faktor steng veg pga ras/fare for ras er denne faktoren viktig.

Skredbreidde må vurderast på nytt og få ein lågare status. Denne faktor slår for tungt ut i samla skredfaktor, og favoriserer breie skred utan at ein kan sjå at dette aleine gjev høgare risiko enn t.d. hyppige steinsprang.

3. For å skapa tillit til modellen må talgrunnlaget vera oppdatert og synleggjerast pr same tidspunkt for alle veger som blir rangert.
Type skred på kvart punkt må kunne visast då dette indikerer type aktuelle tiltak.
4. Økonomi: Det vert føresett at skredsikringsmidlane uavhengig av modell vil rekke til å dekkja ei årleg satsing som gjev rassikring for strekk med høg og middels skredfaktor innan rimeleg tid på 12 år.

Sak 21/22 Endring av vedtekter - Gjennomgang av utkast

Styret vedtok i styremøtet før sommarferien at styreleiar, styremedlem Toralv Mikkelsen og dagleg leiar skulle utarbeida eit framlegg til nye vedtekter. Denne arbeidsgruppa hadde sitt møte 5. september og utkast til nye vedtekter vart sendt over til KS Advokatene for uttale. Framlegg til nye vedtekter og kommentarar frå adv. Frode Lauareid vart gjennomgått i møtet. Frode Lauareid var med på link og kommenterte sine merknader til forslaget.

Revidert utkast til nye vedtekter vert sendt til styret for uttale og saka vert handsama i neste styremøte.

Sak 22/22 Søknad om fritak frå styreverv Unnateke offentlegheit

Sak 23/22 Økonomirapport pr. 2. tertial 2022

Dagleg leiar orienterte om rekneskapsrapport pr. 2. tertial 2022. Administrasjonen vil laga ein eigen rapport som viser rekneskapsresultatet for årskonferansen 2022. Denne rapporten vert sendt ut som vedlegg til denne møteboka.

Vedtak:

Styret tek rekneskapsrapporten til orientering

Sak 24/22 Brev til styret frå Knut Bårtvedt
Styret drøfta brev sendt frå Knut Bårtvedt til styret i Fjordvegen.
Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt frå styret til å utforma svarbrev til Knut Bårtvedt.

Sak 25/22 Plan for påverknadsarbeid mot Nye Veier og ny NTP
Innleiing til drøfting v/Hanne og Jostein
Hanne orienterte om viktige datoar/leveringsfristar for arbeidet med NTP.
Administrasjonen utarbeider framlegg til plan for påverknad både mot Stortinget / Statens vegvesen vedr. NTP og mot Nye Veier AS ift prioriering av prosjekt på Rv13.

Sak 26/22 Statsbudsjettet 2023 - Midlar til rassikring Uttale frå Fjordvegen
Utkast til uttale var ettersendt til styret.

Vedtak:

Styret i Fjordvegen Rute 13 sender slik uttale vedr. Statsbudsjettet 2023:

Transport- og kommunikasjonskomiteen
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 Oslo
transport-kommunikasjon@stortinget.no

Statsbudsjettet 2023 - Midlar til rassikring av vegar. Uttale frå Fjordvegen

Fjordvegen Rute 13 er ein medlemsorganisasjon for Rv 13 som går mellom Stavanger og Sogndal. Fjordvegen Rute 13 arbeider for at denne vegen gjennom rassikringstiltak, oppgradering og auka vedlikehald skal verta ein trygg veg med gjennomgåande høg standard på heile strekninga.

Fjordvegen Rute 13 støttar uttale frå Nasjonal rassikringsgruppe som m.a. seier:

Behovet for rassikring av riks- og fylkesveger er enormt. Det er kartlagt behov på over 70 milliarder kroner for å rassikre riks- og fylkesvegane i Norge. I noen fylker vil det ta opp mot 120 år med dagens finansiering å sikre de farligste skredpunktene. Det er naturlig nok alt for lenge å vente på trygg skolevei eller næringsveg. Folks sikkerhet kan ikke være avhengig av hvem som eier vegen. Nasjonal rassikringsgruppe krever en kraftig opptrappingsplan. 2 milliarder kroner mer per år til rassikring av fylkesvegane fra neste års statsbudsjett, og samme satsing må gjøres for riksveiene.

En statlig incentivordning må innebære at Staten minimum dekker 50 % av grunninvesteringen, og 50 % av driftskostnadene de første 10-15 årene. Det bør settes av en årlig pott på 500 mill. kr til formålet, som kommer i tillegg til de ordinære skredsikringsmidlene.

I Regjeringen sitt forslag til Statsbudsjett er det en økning i satsing på rassikring til fylkene på 3,8% etter prisvekst. Det rimer dårlig med forventningene og behovet vi har for rassikring, blant annet på grunn av klimaendringene.

Rv 13 har med dagens modell for skredfaktorvurdering 34 definerte skredpunkt med høg eller middels risiko. Med den føreslegne ramme for rassikringstiltak må vegfarande langs denne vegen passera rasutsette punkt i uoverskueleg framtid. Den risiko og utryggheit som dette inneber er uakseptabel og påfører samfunnet store kostnader.

Nye Veier AS, som no har ansvaret for strekkja Skare - Sogndal har tinga rapport frå Menon "Velferdsgevinster ved utbedring av skredutsatte vegstrekninger". Denne rapporten konkluderer m.a. med at det medfører eit stort velferdstap å vera nøydd til å køyra på ein rasutsett strekning. Den samfunnsøkonomiske kostnaden over 40 år for strekkja mellom Skare og Hardangerbrua på Rv 13 om ein ikkje gjer tiltak er utrekna til 1,1 mrd. kr. Slik kan vi ikkje ha det !

Fjordvegen Rute 13 krev at ramma for rassikringsmidlar vert auka til 71 mrd for perioden fram til 2033 slik at alle definerte skredpunkt med høg eller middels skredfaktor kan sikrast i denne perioden.

Fjordvegen Rute 13 har gul midtstripe på heile Rv13 som eit langsiktig mål, men ber ikkje om dette langs heile strekkja frå Stavanger til Sogndal i den komande NTP-perioden. Vi ber berre om rassikker veg, stor nok vegbreidd til at køyretøy kan møtast utan stopp og rygging samt at heile strekkja er open og farbar heile året. Slik kan denne riksvegen verta den viktige livsnerva den skal vera for den indre delen av Vestlandet.

Kinsarvik, 26. oktober 2022

Med helsing
Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø
Styreleiar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Kopi til:
Medlemer av Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget
Stortingsrepresentantar på Rogalandsbenken, Hordalandsbenken, Sogn og Fjordanebenken
Nasjonal rassikringsgruppe v/ Jenny Følling, Maruis Cramer og Bjørn Ove Hersdal

Sak 25/22 **Innmeldte saker/Ymse**
Ingen saker innmeldt.

Jostein Eitrheim
referent.